

# Årsmelding for Nordmøre spelmannslag 2014

Styret har i meldingsåret vore slik samansett:

Leiar:	Magnar Almberg
Nestleiar:	Daniel Dyrnes
Skrivar:	Arnstein Brevik
Kasserar:	Rolf Holte
Styremedlem:	Helga Eikrem

Varamedlemmer: Helge Husby og Lars Bratset

Revisorar: Torstein Hamnes og Arve Heggdal.

Det har ikkje vore det store møteåret for laget, ingen saker er ført i protokollen. Bestemmelser har for det meste vore gjort på øvingane og utført av leiar/skrivar og kasserar.

Laget har hatt jamnlege øvingar også dette året, alle på Halsa skule («Stornaustet»). Sist i april var det fylkeskappleik i Molde, der deltok vi i lagspel med komp og med det tok vi første plassen, ein fin deby av vår nye musikalske leiar – gratulerer Hilde.

Tidleg på året vart vi forspurt om dansespeling på Hilmarfestivalen på Steinkjer. Festivalen vart arrangert første helga i november 2014. Det var ei stor helg for alle.

Det er vel vanleg at det i årsmeldingane står kor mange medlemmer laget har, det var i allefall kommentert i fjor at det mangla, difor tenkte eg at i år må ein få det med. Det var lettare sagt enn gjort. Så langt har det ikkje lukkast å skaffe fram medlemsliste korkje på papir eller nett.

For styret

Magnar Almberg